

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Tilleggslista nr. 7.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr. Nr. 7

Herad: Sjernarøy.

Emne: Skav.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1. Aldri høyrt at dei fekk meir ^{SVAR} eit kröter som hadde fenge skav, og det kom gjerne av at dei skov mest alle her kring. Dei totte kröter som fekk skav var betre i hold og såg betre ut enn andre, hadde meir glans i håri, tød. og vog vel meir. Rauneskav vart hode gjevast, det var som kraftfor, sa dei, osp var og bra, veikare ask og serleg eik. So kunde dei og taka toppane av björk til kyrne og köyra björker heim og lata dei liggja so saune toppa av dei, dette kalla dei beit.
2. Dette ukjent for meg, har ikkje høyrt for eller sidan.
3. Ein eldre mann frå Hjelmeland sa at lam og kje som fekk mjök av kröter som hadde fenge Rauneskav kunde dauda av det. At det kunde vera fårleg for kalvar og høyrd eg aldri, men det kunde koma av at me heima hadde mindre skav, det vil segja me skifte det på fleire dyr. Me skov ikkje osp heima, då der voks lite av det treslag. Raun heller ikkje mykje, mest var der av ask.
4. Noko mål for kor mykje dei kunde drygja foret med skav høyrd eg aldri, dei skov for å halda kröteri friskare og betre i hold og vel for å drygja foret ut, utan at eg minnest noko mål for dette.
5. Skavljåen heima var ein avbroten ljå dei sette skaft på, so det var å segja bein linja og den var nytta berre til skaving.
6. Sume stader sette dei upp ein staur frå bjelken til golvet og skov ved den. Heima sat me fyrst ved sengenden og studde skavljåen ved senghyrna og skov. Sidan laga dei til ein krakk med ein stolpe i eine enden, skav-krakken eller -sskammelen. Den vart bruka berre til skaving.
7. Dei fleste gardar hadde skavskog heima. Frå andre kanter har eg høyrt dei kjøpte mork eller skavskog, soleis frå Hjelmeland der dei skulde ha gjeve ein ort lasset, og endå köyrde dei so langt etter dette at dagen gjekk med til ei venda. Um dei kjøpte teig eller berre lass, veit eg ikkje visst, dei kunde vel ta so mykje dei vilde når vegen var so lang, og vart ikkje so sers mykje gjennom året eller vinteren.
8. Dette har eg ikkje høyrt um: at dei tok umsyn til skavskog ved deling av skog, men det kan gjerne vera.
9. Älmenning var der ikkje i mi heimbygd.
10. Skulde husmenn ha rett på skavskog, måtte det vera skrive, og eg veit ikkje noko um dette frå heimbygdi mi.
11. Ordet skavhella ukjent for meg i heimbygdi. Heller ikkje snakk um tuftekall eller go-bonden.